

Merknad frå	Innhald i korte trekk	Tema i merknad
Brit Haaland	Viser til folkemøte og at kommunen har gått inn med pengar i prosjektet Natur blir øydelagt for alltid - ber om at det ikkje må regulerast meir areal til industri enn det som blei tatt i bruk av Peconor i si tid, dvs. 220 daa.	Økonomi og kommunen si rolle Arealbeslag Landskap
Oliver Einarsen	Ei så stor utbygging vil føre til fråflytting. Den smale fylkesvegen vil ikkje tole auka trafikkbelastning med tungtransport. Industriarealet bør ikkje aukast i det heile tatt.	Trafikkauke Lokalsamfunn - fråflytting Arealbeslag
Rolf Julsrud	Førespurnad om uttale signert av to eller fleire personar teller dobbelt (eller meir) eller om det er innhaldet som er av betydning	Svart ut i e-post 06.03.2025
Hilde Vethe Styve	Eksisterande industriområde er meir enn nok Ei utbygging vil føre til konstant støy og forureining Vil øydelegge for mykje natur.	Arealbeslag Støy og anna forureining Natur
Jon Magne Svendsbø	<p>Støtte til BÅP Restaurering av kystlynghei vil gå på bekostning av annan naturtype! Avgrense arealbeslag til det som i si tid var nytta av Peconor, dvs. 200 daa. Det er for mange negative konsekvensar for bygda.</p> <p>Peikar på signert skriv frå dei som er i mot: for mange negative konsekvensar Bit for bit nedbygging av natur vil ta vare på Brunnavika vil bandleggja store industriareal i lang tid (med uvisse om etablering)</p> <p>Eksisterande verksemder vil leve i uvisse på ubestemt tid og eigedomar rundt vil få verdiforringing</p> <p>Manglar omtale av støvspreiing og -handtering. Ei utgreiing av støvproblematikken (KU) må seie noko om utføring av målingar og ansvar og oppfølging som vidare må følgast opp i føresegnene. Bakgrunnen for denne merknaaden er at folk i Suldal er svært midnøgd med støvhandteringa på Jelsa.</p> <p>Må også utgreie tilsvarande for støy. Føresegnene må seie noko om krav til målingar, gjennomføring av desse og ansvar.</p> <p>Testkøyering av vindmøller er ikkje omtalt, men tidlegare nemnt i høve til søknad fase 1.</p>	<p>Natur</p> <p>Arealbeslag</p> <p>Natur/naturmangfald og karbonrike areal</p> <p>Strandlinja og Brunnavika</p> <p>Verdiforringing av eigedommar</p> <p>Støv</p> <p>Støy</p> <p>Testkøyering</p>

<p>Hilde Berge Kringstad</p>	<p><u>Naturmangfald, terrestrisk og marint;</u> store negative konsekvensar, manglande vurdering av langsiktige økologiske konsekvensar, manglande forpliktande avbøtande tiltak, manglande vurdering av alternative løysingar, risiko for spreining av framande artar (terrestrisk) og risiko for forureining (marint)</p> <p><u>Folkehelse</u> negative konsekvensar; støy, trafikktryggleik og auka belastning på infrastruktur, redusert livskvalitet og manglande vurdering av alternativ og avbøtande tiltak</p> <p><u>Friluftsliv</u> manglande vurdering av friluftsliv på sjøen, usikkerheit knytt til industriprosjekt og visuell påverknad og redusert opplevingskvalitet, manglande vurdering av kumulativ effekt og fråver av alternative løysingar</p> <p><u>Klimagassutslepp;</u> alvorlege klimagassutslepp, overoptimistisk vektlegging av nedstrøms utsleppsreduksjonar, manglande vurdering av oppstrøms utslepp, usikkerheit knytt til arealbruksendringar og karbonlagring, store utslepp frå transport og persontrafikk</p> <p><u>Vassmiljø og forureining</u> Bagatellisering av konsekvensar, manglande vurdering av kumulative effektar, utilstrekkeleg vurdering av risiko ved utfylling og sprenging, risiko for sedimentforureining, auka avrenning og påverknad frå industriområdet og manglande vurdering av langsiktig påverknad</p> <p><u>Overvatn</u> begrensa datagrunnlag, utilstrekkeleg synfaring og forenkla berekningsmetodar, underestimert av flaumfare og konsekvensar for eksisterande infrastruktur, manglande vurdering av klimaendringar og kumulative effektar</p> <p><u>Landskap</u> usikkerheit i inndelingen av delområde, begrensa vurdering av indirekte og kumulative effektar, illustrasjonar gir eit begrensa bilde av reelle landskapsendringar</p> <p>Manglande intergreing av andre fagtema</p>	<p>Naturmangfald sjø og land</p> <p>Folkehelse og lokalsamfunn</p> <p>Friluftsliv</p> <p>Klimagassutslepp</p> <p>Vassmiljø og forureining</p> <p>Overvatn</p> <p>Landskap</p>
<p>Olga Lisabeth Tønnesen</p>	<p>Konsekvensar for naturmangfald og landskap Bekymra for auka forureining og støy frå trafikk og anlegg</p>	<p>Naturmangfald og landskap Støy og anna forureining Trafikk og trafikkstøy</p>
<p>Bergitte T. Andersen</p>	<p>Arealbeslag – ikkje større enn 220 daa Ei utbygging som vil føre til store naturinngrep og miljøutfordringar Auka trafikkbelastning gjennom Vikebygd Svekka bukvalitet og redusert eigedomsverdi Tap av strandsone – inngrep i Brunnavika, bidrag til «bit for bit-nedbygging»</p>	<p>Arealbeslag Natur Trafikk Bumiljø og lokalsamfunn Strandsone og Brunnavika</p>

	Industriutbygging kan gjere Vikebygd mindre attraktiv for tilflytting og reiseliv Vindkraft på land! - KPA	Verditap på eigedom Reiseliv
Kirsten Bakkevig og Odd Steinsholt	Dårleg konsekvensutgreiing Urealistisk masseuttak utan å ta omsyn til støy og støv Urealistisk uttransport av massar Verknader for eksisterande verksemder er ikkje utgreia Nedbygging av natur	Støy og støv Landskap (Massehandtering) Trafikk Eksisterande verksemder Natur
May Britt og Kjetil vikingstad	Svært store klimagassutslepp Store negative konsekvensar for natur, landskap og miljø Tap av kystlynghei og påverknad på raudlista fugleartar KU vurderer ikkje samla belastning på naturmangfald Vil øydelegge marint naturmangfald (svampskog, sjøfjærbunn, ålegras og blautbotn) Negative konsekvensar for friluftsliv, folkehelse og nærmiljø/lokalsamfunn; redusert tilflytting/auka fråflytting Auka trafikkbelastning, stille krav og utbetring av fylkesveg og tilbod om g/s-veg til Vikebygd sentrum Planforslaget: for vide rammer for kva som kan tillatast (maks fundament i fjorden) Konflikt med målsettingar i KP Ufullstendig KU pga. manglande vurdering av eigedomsverdiar – dersom reguleringsplan blir vedtatt ser dei seg nøydd til å krevje økonomisk kompensasjon for tap av eigedomsverdi saman med andre berørte i Vikebygd, krav reisast som sivilt erstatningskrav.	Klimagassutslepp Terrestrisk og marint naturmangfald Miljø Landskap  Friluftsliv Folkehelse Lokalsamfunn/nærmiljø  Trafikk fv. og g/s-veg Føresegner  konflikt med mål og strategiar i KP  Verditap på eigedom
Jeanette og Ivar Persvangen Ødegård	Manglande konsekvensutgreiingar på nokon område Trafikkanalysen burde vurdere fylkesvegen frå Isvik til Vikebygd, vidare til Bjoa og Ølensvåg Vurdering av støybelastning når utgangspunktet er «ei bygd med tilnærma stillhet» er for lite belyst i KU Argumenterer for at prosjektet kan føre til negativ befolkningsutvikling (viser til Ølensvåg) – derfor svært stor usikkerheit knytt til tema Fjorden som ramme for friluftsliv i sommarhalvåret og for fritidsfiske og annan næring i vinterhalvåret. Våtlagring i fjorden vil ha direkte visuell påverknad på båtliv i fjorden og reiseliv sentralt i bygda (båthamn/bobilcamp). Det må stillast krav om at all lagring på land, ved kai og i sjø skal knyttast til arbeid og aktivitet på land.	Trafikk – fylkesvegen  Støy  Lokalsamfunn (befolkningsutvikling)  Friluftsliv (fjorden)  Reiseliv  Føresegner
Kjell Gangstø (har næringsverksemd i planområdet)	Blir direkte berørt av reguleringsplanen – sett fram krav og vilkår for erstatning	Erstatning for tap av eigedom

Jon Terje Aksland og Birte S. Bjellbø Kvam	Er direkte berørt - ber om dokumentasjon av verditap og ev. kompensasjon/ vurdering av konsekvensar dersom det ikkje blir utbygging, ber om forankring av lovnad om oppkjøp Avklare situasjon dersom langvarig stillstand i utbygging Reversere arealformål dersom utbygging ikkje skjer Anser kommunen som erstatningspliktig for eit ev. økonomisk tap (mellomlegg)	Verditap på eigedom Tryggleik for innløyising
Elin Magdalena Korvanen Mæland	Store negative konsekvensar for natur og miljø Risiko for forureining Mangelfulle utgreiingar Uklare tal for trafikk, massetransport og utslepp Negative følger for lokalsamfunnet; redusert livskvalitet, støy, støv, lysforureining og anleggsaktivitet Utfylling i sjø vil redusere viktige førekomster Planforslaget er i strid med kommuneplanen sine mål Viser til Vikingstad og alternativ bruk av området.	Naturmangfald land og sjø Forureining Trafikk Lokalsamfunn Støy og støv Lysforureining Kommuneplanen sine mål
Anna Elisabeth Nordbø og Eirik Larsson	Produksjon av havvindmøller må leggest til område som allereie er tilrettelagt slik at ein ikkje må ta så mykje urørt natur. Å bandlegge så store areal vil i seg sjølv vere verdireducerande for nærliggande eigedommar.	Arealbeslag Natur Verditap på eigedomar
Berit Apeland Lilleås m.fl.	Industriområdet vil ha stor påverknad på opplevd verdi og bruksverdi for deira regulerte hyttefeltet (Skjeljavika). Konsekvensar i form av: Støy, støv, lukt og anna forureining Redusert utsikt og landskapsverdi Auka trafikk Verditap på eigedom/hyttefelt Planarbeidet har ikkje utgreidd transportbehov, energiforbruk og energiløysingar og ikkje stilt rekkefølgekrav.	Reiseliv Støy og støv Lukt og anna forureining Verditap på eigedommar Trafikk, transportbehov og energiforbruk og -løysingar Føresegner
Björg Danielsen Jølbo og Ove Jølbo	Innfallsporten til Vikebygd blir eit arealbeslag ute av proporsjonar (krater) Legg beslag på strandlinje i form av kaifront på 665 m. Blir dei rette kriteria vurdert med tanke på verknader for lokalsamfunn? Konsekvensar for støy og støv er mangelfullt utgreia. Stiller spørsmål ved annan bruk dersom havvind ikkje blir aktuelt.	Arealbeslag Strandsone Lokalsamfunn Støy og støv Alternativ bruk
Marianne Breunig Fornes og Tron Kjetil Frøland	Er direkte berørt Alvorlege konsekvensar for miljø Oppmodar kommunen til å prioritere utvikling av reiseliv og turisme	Direkte berørt Miljø Reiseliv

Jahn Anfin Tonjer	Er direkte berørt - Dommersnes AS har ikkje villa inngå forpliktande kjøpsavtale. Viser til gjeldande kommuneplan og til kommuneplan som har vore på høyring der begge hans eigedomar ligg i LNF-område, men altså blir berørt av reguleringsplanen.	Direkte berørt Plangrunnlag
Sonja Bjørknes	Påpeiker svakheter ved støyretningslinjene: <ul style="list-style-type: none"> <li>- årsmidlet måling,</li> <li>- metode tar ikkje omsyn til lågfrekvent og infralyd</li> <li>- grenseverdier like i bynære strøk som i utprega rekreasjonsområde der stillhet er ein vesentleg kvalitet</li> </ul> Støv <ul style="list-style-type: none"> <li>- nokon bergartar og fraksjonstypar er meir helseskadeleg enn andre</li> <li>- arbeidslivsgrenser er ueigna for bumiljø der barn og andre oppheld seg 24 t/d og sårbare grupper</li> </ul> Folkehelse <p>Utgreiing som vektlegg «småting» som busstopp framfor livskvalitet med stillhet og ro</p> <p>Dessutan ikkje vurdert kva samla belastning frå støv, støy, tap av natur og bumiljø vidare kan føre til av helseproblem som søvnproblem, migrene, stress, høgt blodtrykk, depresjon, økt ulykkesrisiko</p> <p>finst ingen anerkjent metodikk for å utgreie samla helsebelastning.</p> <p>Plansaka skapar konflikt i lokalsamfunnet, tilrår folkehelsekartlegging før og etter</p>	Støy  Støv  Folkehelse
Sonja Rutten	Fråflytting – ulemper ved industrialisering kombinert med ulemper ved å bu i distriktet, heller utvikle reiseliv og turisme Støy og støv	Fråflytting Støy og støv Reiseliv
Kari Amundsen	Oppmodar til samarbeid for ny strategi for Vikebygd for å utvikle reiselivsnæring og småskala industri For store negative konsekvensar i form av landskapsinngrep, støy, luft- og lys-forureining, Ikkje tillate verksemder som medfører store landskapsinngrep og ulemper i høve til støy, støv og lysforureining, ikkje tillate lagring av fartøy, riggar, plattformer e.l. i riggområde i sjø Stille rekkefølgekrav til utbetring av fylkesveg og g/s-veg	Reiseliv Landskap Støy, luft- og lys-forureining  Krav i føresegner Rekkefølgekrav i føresegner
Arne M. Svendsbøe	Støv frå steinbrudd i lang tid og støy frå masseuttak Eksisterande fylkesveg er ikkje dimensjonert for auka trafikk og tungtrafikk, heller ikkje tilbod til mjuke trafikantar Skuggelegging av Vikebygd pga våtlagring av havvindmøllene i fjorden Industrialisering vil føre til fråflytting Stiller spørsmål til kommunen si rolle som medeigar	Støv og støy Trafikk  Skuggelegging Lokalsamfunn og nærmiljø Kommunen si rolle
Edvin Aarak og Iselin L. Tveiten	Manglande KU for støv, støvspreiing kan bli eit alvorleg helseproblem	Støv

	<p>Uakseptable natur og landskapsinngrep på sjø og land (Utfylling i Brunnavika, riggområde i sjø og areal aust for dagens fylkesveg)</p> <p>Rekkefølgekrav til utbetring av fylkesveg mot Isvik og tilbod til mjuke trafikantar</p> <p>Tap av viktige naturtypar (kystlynghei og myr og leveområde for rødlista arter)</p> <p>Tap av marin natur ved utfylling i sjø</p> <p>Dramatisk endra landskapsbilde</p> <p>Ingen omtale av verditap på eigedom</p> <p>Ingen vurdering av konsekvensar for eksisterande verksemder</p>	<p>Naturmangfald sjø og land</p> <p>Landskap</p> <p>Trafikk</p> <p>Verditap på eigedom</p> <p>Eksisterande verksemder</p> <p>Lokalsamfunn</p>
Thor Kenneth Reinertsen	<p>Først skikkeleg veg frå Isvik og så tilrettelagte tomter med sjøutsikt</p> <p>Støv og støy vil ikkje gi nye innflyttarar</p> <p>Småskalautvikling på Dommersnes (fase 1 er OK)</p>	<p>Først betre veg, så nye tomter</p> <p>Støy og støv</p> <p>Småskalaindustri</p>
Terje Dommersnes v/ Ålfjorden Idyll as	<p>Kraftig forringa verdi av hytte/rorbu i Ålfjorden Idyll as</p>	<p>Verditap på eigedom</p>
Paula A. Nordbøe	<p>Bør legge denne type industri til område som allereie er langt meir tilrettelagt enn Dommersnes, må begrense nedbygging av natur</p> <p>Er fugleliv tilstrekkeleg undersøkt (viser til BÅP)?</p> <p>Støy og støv</p> <p>Fase 2 og 3 vil innebere urimeleg bandlegging</p> <p>Verditap på eigedom</p> <p>Tungtransport av stein gir stor belastning på vegnett, men ingen plan for utbetring</p>	<p>Arealbeslag</p> <p>Natur</p> <p>Støv og støy</p> <p>Verditap på eigedom</p> <p>Trafikk på fylkesvegen</p>
Gunnar Birkeland	<p>Gir si støtte til planarbeidet</p> <p>Må bruke alle moglegheiter for å oppgradere Vikevegen og få g/s-veg frå Dommersnes til Jokerbutikken</p> <p>Prioritere høgt å behalda Vik oppvekstsenter, sjølv om utbygginga går tregt i starten. Det må arbeidast aktivt for ei tilflytting/marknadsføre Vikebygd som plass å bu samstundes med industriutviklinga.</p> <p>Må ta omsyn til dagens verksemder på Dommersnes</p> <p>Gjer merksam på at det ved førre val var 446 stemmeberettiga i Vikebygd, men at det berre er ca. 195 fastbuande som har skrive under lista til BÅP mot utbygging. Det er altså under halvparten av Vikebuane som har skrive under.</p>	<p>Positiv til planforslaget fylkesveg og g/s-veg</p> <p>Behalde tenestetilbodet</p> <p>Marknadsføre Vikebygd</p> <p>Eksisterande verksemder</p> <p>Ikkje alle er i mot!</p>
Linda Frotjold	<p>Vikebygd treng tilflytting</p> <p>Viser til mål og strategiar i kommuneplanen om attraktive lokalsamfunn m.m.</p> <p>Treng skikkeleg veg og g/s-veg</p> <p>Ser ingen ting i planane som viser at Vikebygd får noko tilbake</p> <p>Fase 2 og 3 blir altfor inngripande</p> <p>Støy og støv i lang til vil ikkje gi tilflytting</p>	<p>Lokalsamfunn</p> <p>Mål i kommuneplan</p> <p>Trafikk</p> <p>Arealbeslag - fase 2 og 3 for stort</p> <p>Støy og støv</p> <p>Ingen kompensasjon for elemper</p>
Gro Lid	<p>Sveiosida vil måtte høyre ein tilnærma konstant bakgrunnstøy frå Dommersnes</p> <p>Korleis vil steinstøvet påvirke beiter, grasproduksjon, dyr og menneske?</p>	<p>Støy og støv</p>

	<p>Stor visuell påverknad i tillegg til lysforureining Riggområde strekk seg heilt til kommunegrensa, vil all båttrafikk gå på Sveiosida? Verditap på eigedom er ikkje utgreidd Må rekne med auka søppelforureining, viser til påverknad på marint naturmangfald</p>	<p>Visuell påverknad og lysforureining Riggområde i sjø – ferdsel på Sveiosida Verditap på eigedom Søppelforureining og tap av marint naturmangfald</p>
<p>Likelydande merknad frå: Tony Cheek Steffen Kristensen Terje Framnes Camilla og Thor Dagfinn Dommersnes Ingrid og Kåre Sørvgå Silje Lande Per Mikal Hauge Siv Bente og Martin Larsen Alf Lindø Ingunn B. Omdal-Jensen Storfamilien Birkeland Ingvild, Jorunn, Ivar m.fl. Birkeland Olav, Åsmund og Ragnhild Birkeland Ellen Amundsen Mona Aksland og Vidar Maurangsnes Åshild Lid + felleskriv med 67 underskrifter</p>	<p>For omfattande arealbeslag (utfylling i Brunnavika, utvida industriareal mot aust og utviding av riggområde i sjø)</p> <p>Føresegner :</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ikkje tillate verksemder som medfører store landskapsinngrep og ulemper i høve til støy, støv og lysforureining</li> <li>- Ikkje tillate lagring av fartøy, riggar, plattformar el.l. i riggområde i sjø</li> <li>- Sette grenser for tal fundament som kan våtlagrast i fjorden</li> <li>- Stille rekkefølgekrav til utbetring av fylkesveg og g/s-veg</li> </ul> <p>Planen tar ikkje tilstrekkeleg omsyn til: Terrestrisk naturmangfald; kystlynghei og raudlista arter Marint naturmangfald; område med høg verdi blir øydelagt Landskap – særleg Vikefjellet Friluftsliv – særleg Ålfjorden Folkehelse – fare for fråflytting, reiseliv</p> <p>Manglar utgreiing for tema: støv, flytting av eksisterande verksemder og verditap på eigedommar Oppmodar politikarane til å forkaste planforslaget og heller samarbeide med lokalbefolkninga om ein ny strategi for Vikebygd og legge til rette for reiselivsnæring og småskala næring basert på natur og landskap</p>	<p>Arealbeslag</p> <p>Støv, støy og lysforureining Begrensingar for arealbruk</p> <p>Trafikk</p> <p>Naturmangfald sjø og land</p> <p>Landskap</p> <p>Friluftsliv</p> <p>Folkehelse</p> <p>Eksisterande verksemder</p> <p>Verditap på eigedomar</p>
<p>Siv Bente A. og Martin U. Larsen</p>	<p>Likelydande som ovanfor, men med følgende tillegg: Planforslaget får direkte påverknad for livskvalitet, trivsel og helse, vil dessutan påverke hyttetomter som dei har regulert og tilrettelagt. Ber om utgreiing av verknader på eksisterande busetnad og verksemder som blir berørt og ev. tiltak for skjerming, erstatning eller innløyising Ber om:  <ul style="list-style-type: none"> <li>- støy- og støvanalyse</li> <li>- «plan» for innløyising av eigedom</li> <li>- Kompensasjon for verditap</li> <li>- Realistisk tidsplan for gjennomføring</li> </ul> </p>	<p>Folkehelse og Lokalsamfunn Reiseliv</p> <p>Verditap på eigedom (ev. innløyising)</p> <p>Støy Støv</p>

